

Saneringsnytt nr 1 2007

Innhald

Etter fem år med Friskere geiter
Produksjon i buskapar som ikkje har sanert
Råmjølkskvalitet og IgG-nivå hjå kje i saneringsbuskapar
Jurproblem?
Sal av livdyr til buskapar som ikkje deltek i prosjektet.
Byllesjuketesting
Auka rekrutteringsbidrag

Etter fem år med Friskere geiter

Av prosjektleiar, Nils Leine

Vi er no inne i det sjette året med Friskere geiter. Fjoråret vart avslutta med to buskapar i prosjektet som kom på topp i produksjon i kvart sitt fylke, Troms og Telemark. Den høgast ytande buskapan hadde eit snitt på over 1100 liter pr geit, som visstnok skal vera høgast i heile landet. Snittet i geitekontrollen er på 628 liter pr geit. Tørrstoffinnhaldet var på over 11,5 Dei har begge vore med frå 2002, og grunnen til at dei er komne så langt er ikkje berre den gode helsesituasjonen i flokkane, men også auka interesse for, og kunnskap om, miljø, føring og stell. Til saman har dette gitt resultat.

I starten på 2007 er det påvist ny smitte i to prosjektbuskapar. I den eine buskapan er det påvist paratuberkulose. Buskapan ligg i eit område av landet der det har vore vaksinert i over 30 år, men det er ikkje påvist paratuberkulose der tidlegare. Saneringa føregjekk i 2004. Ein veit førebels ikkje kvar smitten kjem frå. Det er sett i gang mykje kartlegging, og det vil halde fram, blant anna med synfaringar når snøen er smelta, og nye rundar med prøvetaking. Dyr med kliniske symptom er slakta, og vask og desinfeksjon blir gjennomført. Buskapan er bandlagt.

I den andre buskapan er det påvist byllesjuka. Denne buskapan har alltid tidlegare vore fri dei smittsame sjukdommane vi sanerer for. Så her er det ikkje lenge sidan det er kome inn smitte. Det er enno for tidleg å seia kvar smitten kjem frå, men det vil bli sett inn mykje ressursar for å prøve å finne ut dette. Ein må understreke at ein ser på desse to tilfella som reine arbeidsuhell, og det er ingen ting som tyder på at ikkje prosjektreglane er fylgde.

Det blir gjort kva ein kan for å få snøgg kontroll over sjukdommane i baa buskapanane. Det er ei stor påkjenning for ein produsent å få att sjukdom på dyra etter sanering. For prosjektet er omsynet til produsenten det viktigaste i denne situasjonen. Det melder seg mange spørsmål og det blir fundert over kva som skulle vore gjort annleis. Prosjektet vil gjera det som er muleg for å finne ut kva som har skjedd.

Når skaden har skjedd, må ein difor fyrst og fremst sjå framover og prøve å finne dei beste løysingane vidare. Det er også ei påminning om at ein stadig må vera forsiktig. Det kan gjelde kontakten med dyr frå andre buskapar. Viktig er også å tenkje på korleis ein vernar seg mot smitte når det kjem besøk inn i fjøset. Eit tredje spørsmål er om føringa er tilfredsstillande, og er det slik at fôret kan innehalde skadelege stoff? Dette er berre nokre eksempel. Det er altså ei tid for ettertanke, og ein bør kanskje vurdere å ta i bruk eit omgrep som er nytta mykje i andre land, "Biosecurity". Biotryggleik kan ein kanskje kalle det på norsk, og i det ligg det svært mykje. Ein tenkjer då på tiltak i vid forstand som skal gjera buskapanen minst mogeleg utsett for sjukdom. Slike tiltak må heile tida ha stort fokus i alle friske geitebuskapar i åra som kjem!

Kva må gjerast

Etter fem år med sanering og no med to tilfelle av sjukdom i sanerte buskapar, må ein bli endå meir tydeleg på kvar ein vil i det vidare arbeidet. Det ein kan slå fast er at det framleis er eit stort behov for å få smitten som finst rundt omkring under kontroll.

- Ein må halde fast på dei reglane som gjeld i prosjektet, og passe godt på at dei som kjem inn i prosjektet har forstått kva det går ut på.
- Arbeidet med kartlegginga av smitta sauer må intensiverast.
- Geitebuskapar som ikkje er med i prosjektet, men som har fått påvist smitte, må koma snøggare med i arbeidet med smittesaning.
- Det er eit akutt og stort behov for at smittesperrer alltid blir brukt og at dei blir brukt rett. Dette gjeld særleg for dyrlegar, dyretransportørar, rådgjevarar, tankbilsjåførar og geiteprodusentar. Men det gjeld sjølvsagt også alle andre.
- Geitene skal ha nok fôr av god kvalitet.
- Livdyrhandel må avgrensast til eit minimum. Innkjøpte dyr må setjast i karantene i minst 1-2 månader etter at dei er komne inn i buskapen.
- Behovet for å oppgradere CAE og byllesjuke til B-sjukdom aukar stadig. Det er bra at ei gruppe nedsett av Mattilsynet er i gang med å sjå på dette.

Det er lagt ut stoff om paratuberkulose på internett:

<http://leine.no/htg/sjukdom/paratub/ptovers.htm>

Les også denne oversikta over smittevegar: <http://leine.no/htg/sanering/info/smitte/kjelder.pdf>

Det vil etter kvart bli lagt ut informasjon om korleis utviklinga er i desse buskapane.

Sjå etter på <http://leine.no/htg/sanering/Nyinfo/index.htm>

Arbeidet vidare

Prosjektet sitt arbeid går etter planen. I år er det ca 40 nye buskapar som sanerer, og neste år er det mange fleire som har planlagt å gå i gang.

Ein er alltid redd for at sanerte buskapar skal få inn ny smitte. For prosjektet er det ein del av arbeidet å få kontroll over slike tilfelle, og det arbeidet er som sagt godt i gang. Så må vi berre sjå framover, og det er ganske sikkert at også dei som no har fått eit lite tilbakeslag om ikkje lenge på nytt kan dela gleda med alle dei som synest at dei har fått ein mykje meir interessant kvardag etter at dei fekk friskare geiter.

Nils Leine

Produksjon i buskapar som ikkje har sanert

Av og til dukkar spørsmålet opp om det er slik at det berre er dei sanerte buskapane som har bra produksjon. Det er sjølvsagt ikkje berre dei som har gjennomført sanering som har god produksjon. Dette er det ingen tvil om, og det er svært mange flinke produsentar som har hatt gode resultat trass i at ein stor del av flokken er smitta med CAE og byllesjuke. Mjølka som bli levert er av god kvalitet, og økonomien er god. Det treng heller ikkje vera synleg sjukdom i ein buskap sjølv om den har fått påvist smitte.

Når prosjektet har fokusert på at sanerte buskapar har auka produksjon og dyr med god helse, er det ikkje for å setja den andre gruppa i eit dårleg lys. Ein kan heller seia at ein har fokusert sterkt på kva ein kan få til når ein har friske dyr. Det prosjektet kan dokumentere er at når ein blir kvitt dei smittsame sjukdommane, vil det vera enklare å få til ein effektiv produksjon, og ein vil på ein enklare måte sikre god dyrevelferd.

Tidligare erfaringar viser at når CAE får spreie seg i buskapen over mange år blir smittepresset til slutt så stort at geitene blir synlig sjuke. Då kjem problema med redusert tilvekst og redusert yting. Dersom ein ynskjer det, vil sanering kunne eliminera risikoen for at dette skal skje i buskapen.

Råmjølkskvalitet og IgG-nivå hjå kje i saneringsbuskapar.

Av veterinær Olav Hauso, 6100 Volda

Det er kjent at råmjølkskvaliteten hjå ku kan variere mykje. Generelt er kvaliteten betre hjå eldre dyr enn hjå kviger, men kvaliteten kan også vere svært ulik frå individ til individ på same alder.

Eg vart under ei vitjing i ein saneringsbuskap merksam på at noko kuråmjølk nytta til snappa kje verka særst tynn. Det vart opplyst at mjølka var ei blanding av første og andre målet. Med eit colostrumeter vart den spesifikke vekta målt til å vere 1037, noko som blir vurdert til å vere heller dårleg kvalitet.

Nokre dagar seinare tok eg ut blodprøver frå 4 av kjea som hadde fått kuråmjølk av denne kua, samt frå 8 kje som hadde fått kuråmjølk frå ei anna ku med spesifikk vekt 1056 (god kvalitet). Ved hjelp av eit refraktometer vart totalprotein i serum målt, og IgG-nivå korrelert til dag 1 vart utrekna ved hjelp av eit rekneark utarbeidd av veterinær Tore Malmo.

Kjea som hadde fått den dårlegaste mjølka hadde IgG-verdiar mellom 4,4 og 6,2 mg/ml, medan verdiane for dei som hadde fått den gode mjølka varierte mellom 10,8 og 18,7 mg/ml. Dette er etter det eg kan skjønne ein ikkje uvesentleg skilnad.

Hjå kalv og lam vert verdiar under 10 mg/ml rekna som for låge til at spedyra skal ha tilstrekkeleg passiv immunitet. På engelsk nyttar ein uttrykket "Failure of Passive Transfer" (FPT). Eg har ikkje sett verdiar oppgjevne for geit, men det er vel truleg at desse ikkje ligg så langt unna.

Det høyrer med til soga at kjea med den dårlegaste immunstatusen (ein binge) fekk plager med diare, medan dei andre har halde seg friske. Dette treng sjølvsagt ikkje ha nokon samanheng, men som "amatørgranskar" vil ein jo gjerne tru det...

Saneringsbuskapar "tek gjerne det dei får" når det gjeld kuråmjølk. Denne vesle undersøkinga syner kanskje at det kan løne seg å vurdere råmjølkskvaliteten litt meir kritisk. Med litt røynsle er det oftast nok med ei visuell vurdering, men i grensetilfelle kan eit colostrumeter vere greitt å ha. Dersom ein er ute i god tid med innsamling av mjølka er det sjølvsagt ein fordel når det gjeld å kunne velje og vrake.

Olav Hauso, 6100 Volda

Kolostrometer kan kjøpast hos TINE rådgivar. Prisen er i overkant av kr 100 + mva.

Det er viktig for kjea at dei får råmjølk av god kvalitet. Sjekk kvaliteten på råmjølka før den blir nedfrosen.

Jurproblem?

Det kjem av og til meldingar inn om at det oppstår ein del alvorlege mastittar etter sanering. Det er alltid fleire årsaker til slike sjukdomsproblem. Men det er viktig å vera klar over at dei fleste som startar med nye, friske unge geiter vil stå framfor ein ny type buskap. Dei vil blant anna ha større mjølkingsskapasitet enn dei gamle geitene hadde. Det betyr at juret kan bli stort og det oppstår mjølkespreng før kjeing. I tillegg er dei sårbare då dei ikkje har opparbeida eit så godt immunforsvar som dei vil få etter som dei blir eldre og blir utsette for ulike mikroorganismar.

Ein del tips:

- Kontroller mjølkeanlegget kvart år, heime og på stølen, og juster vakuum likt. Kontakt TINE-rådgjevar for funksjonstest av anlegget.
- Pass på at det er passe vakuum på mjølkeanlegget, 38-40 KPa ved spenen!
- Mjølke ut litt dersom det blir mykje mjølkespreng før kjeing. Bruk kuråmjølk til kjea.
- Overlat ikkje til kjeet å prøve å tømme juret NB! Også risiko for smittespreiing.

- Hald speilet reint for blod og fostervatn. Det er svært ofte store mengder stafylokokkar (mastittbakteriar) i skjeden.

Sal av livdyr til buskapar som ikkje deltek i prosjektet.

Det er ein del produsentar som ynskjer å sanere utan å ha kontakt med prosjektet. Dette er sjølvstilt tillate. Desse må sjølve betale analysekostnader for å dokumentere at den nye buskapan er fri for sjukdom. Analysane vil koma på minst 1000 kr pr geit. Slik dokumentasjon er nødvendig for å få status som sanert besetning. Desse buskapane vil også gå glipp av rekrutteringsbidraget.

Det som er svært viktig å vera klar over for alle som har skrive kontrakt med prosjektet Friskere geiter, er at ein må ikkje selje livdyr til produsentar som ikkje har kontrakt med prosjektet utan at prosjektleiar er kontakta.

Det er særleg to grunnar til dette.

Det blir ofte mangel på livdyr for prosjektdeltakarar. Difor må desse prioriterast, og har ein livdyr til overs, må ein kontakte prosjektleiar. Det er prosjektleiar som oftast har den beste oversikta over kvar det er behov for livdyr.

Dersom nokon sanerer på eiga hand, kan ikkje prosjektet ta noko ansvar for dette. Det er svært uheldig dersom det blir ei samanblanding mellom sanering i regi av Friskere geiter og saneringsopplegg der prosjektet ikkje er involvert.

Det må også presiserast at det i kontrakten står at når ein er med i Friskere geiter, skal kopi av kjøpekontrakt sendast til prosjektleiar. Denne avtalen må prosjektet innskjerpe, og det må i løpet av året i kvar prosjektbuskap lagast ei oversikt over kvar ein har kjøpt og selt dyr. Der må det også førast opp dyrenummer.

Det vil vera fint om de kan gå i gang med dette arbeidet alt no. Men det vil også koma beskjed om det seinare.

Byllesjuketesting

TINE Mastittlaboratoriet i Molde etablerer nå en ny test for påvisning av byllsjuke på geit og sau. Denne testen kan utføres på de same blodprøvene som tas ut for CAE. Analysetiden vil nå i innkjøringsperioen være lenger enn normalt. I løpet av våren regner vi med at analysetiden på byllesjuka vil bli omtrent som for CAE.

Auka rekrutteringsbidrag

Styringsgruppa bestemte på siste møte at rekrutteringsbidraget skal auke. Dette er altså no på 2100 kroner pr mjølkegeit. Talet på mjølkegeit blir rekna ut etter gjennomsnittet av dei tala som har vore grunnlaget for utrekning av produksjonstillegg dei siste 2 åra.

Vang/Molde, den 21. mars 2007

Nils Leine, prosjektleiar

Liv Sølverød, sekretær i Helsetjenesten for geit

